

Fra: Knut Olav Røssland Nestås <nestas@tryggtrafikk.no>
Sendt: mandag 4. september 2023 15:19
Til: Post Austrheim
Emne: Trafikkopplæring i grunnskulen i tråd med læreplanverket
Vedlegg: Info. til skular frå Trygg Trafikk - skulestart.pdf

Hei!

Trygg Trafikk har som eit definert ansvar å utarbeida læringsressursar om trafikkopplæring og trafikktryggleik for grunnskulen, og får m.a. støtte av staten for å gjera dette. Me har også samarbeid med Utdanningsdirektoratet for å utarbeida støtte- og rettleiingsmateriell til grunnskulen i tråd med læreplanverket, jf. *Nasjonalt tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2022-2025*.

Det er viktig for oss at oppvekstinstitusjonane kjenner til læringsressursane våre og veit at desse er tilgjengelege for dei og heilt gratis å bruka. Me har derfor utforma vedlagte informasjonsskriv som eg vonar de kan vidareformidla til barneskulane i kommunane. I informasjonsskrivet får de òg tilbod om å få tilsendt gratis refleksar til aktuelle oppvekstinstitusjonar.

Ta gjerne kontakt med underteikna om noko er uklart, eller de ynskjer meir informasjon om noko.

Med venleg helsing

Knut Olav R. Nestås
Regionleiar Vestland

Trygg Trafikk
Lars Hilles Gate 22, 5008 Bergen
Askedalen 4, 6863 Leikanger
Mobil: (+47) 41 20 61 32